Den franske forskningsgruppen leter nå etter flere gigantvirus. De leter i havet, for det er nemlig virus, og ikke hvalene, som er den største biomassen i havet. Claverie mener at 60 prosent av biomassen i havet er virus. Her har de en viktig rolle i klimakontroll og global oppvarming. De tar for eksempel knekken på store algeoppblomstringer.

Gigantvirusene ser også ut til å ha en spennende rolle i evolusjonen. Claverie har en hypotese om at vår cellekjerne kan stamme fra et gigantvirus. Han viste at definisjonen på virus og cellekjerne praktisk talt er det samme. Begge omtales som noe som kopierer genene sine ved hjelp av cellens maskineri. Claverie mener at cellekjernen kan stamme fra et virus som har infisert en forhistorisk RNA-celle og blitt værende der fordi det på den måten fikk beskyttet DNA-et sitt.

### Stammer cellekjernen fra en bakterie?

Lynn Margulis er en av verdens mest kjente og kontroversielle biologer. Hun sto bak teorien om at mitokondriene, kraftstasjonene i cellene våre, stammer fra bakterier som er blitt spist opp av en større celle. I dag har denne teorien bred støtte. I sitt foredrag snakket hun om evolusjon og utviklingen av de første cellene. Denne forskningen kaster nytt lys over sammenhenger i biologien.

Margulis startet med å si at hun var

oppgitt over hvor mange amerikanere som ikke aksepterer at evolusjon har funnet sted. Hun poengterte at selv om hun hadde noe kontroversielle ideer om hvordan evolusjon foregår, så måtte man ikke glemme hvor mye det faktisk er enighet om i forskningsmiljøene.

Margulis gjorde rede for forskjellen mellom symbiose og hennes hjertebarn symbiogenese. Ved symbiose er det to selvstendige organismer som drar nytte av hverandre, de lever sammen, men de er ikke ett. Dette er ikke det samme som parasittisme der bare den ene drar fordel av samlivet. Vi lever for eksempel i symbiose med bakteriene i tarmene våre. De får mat og vi får hjelp til å fordøye maten.

Ved symbiogenese vil organismer som har levd i symbiose, smelte sammen og bli til en ny organisme. Det er dette Margulis mener skjedde den gangen cellene våre fikk mitokondrier. Og hun mener at symbiogenese er en viktigere drivkraft for evolusjon enn tilfældige mutasjoner i arvestoffet.

Margulis har nylig publisert en artikkel som støtter teorien om at arkebakterier og bakterier, som begge er encellede mikroorganismer uten verken cellekjerne eller mitokondrier, har levd sammen i symbiose og siden gjennom symbiogenese gitt opphav til en celle med cellekjerne, men uten mitokondrier. Denne typen celler gjennomgikk så symbiogenese med bakterier og ga opphav til eukaryote celler som har både cellekjerne og mitokondrier. Og derfra utviklet alle sopper, planter og dyr seg.

Margulis presenterte noen fantastiske videoer som viste hvordan bakte-



Nitimens lyttere lærte også litt om virus denne dagen. Bioteknologinemndas direktør Sissel Rogne intervjues. Foto: Finn Klingenberg.

ste til å karakterisere, i 2002. Dermed ble disse virusene satt på sykdoms- og evolusjonskartet.

Gigantvirusene har fått navnet mimivirus etter "mimicking microbe". De ble første gang observert i Bradford i Storbritannia i 1992 da man lette etter smittekilden i et kjøletårn etter utbrudd av legionella. De så etter bakterier som lever i amøber i kjøletårn. Den gang klarte de ikke å identifisere "bakteriene". Først da Claveries forskningsgruppe i Frankrike fikk studert prøvene, fant de ut at dette ikke var noen bakterie, men noe helt nytt. Her var det snakk om gigantvirus. Disse virusene er like store som bakterier, men de har regulære former slik som virus. De har mye større genom og flere gener enn vanlige virus. De har gener for å kopiere og reparere sitt eget DNA og til å lage RNA. Godt

## Virus

Virus er ikke organismer i vanlig forstand. De er nemlig avhengige av levende celler for å formere seg og overleve.

De har gjerne bare litt arvestoff (DNA eller RNA) og en proteinkappe som beskytter arvestoffet.

Virus har spesialisert seg på å bruke andre organismers cellemaskineri til å kopiere sitt eget arvestoff og seg selv. Noen virus setter til og med arvestoffet sitt inn i andres arvestoff for å kopiere opp arvestoffet sitt. Dermed vil de fleste organismers arvestoff inneholde arvestoff fra virus. Dette påvirker genreguleringen i cellene våre.

For noen år siden ble en ny gruppe virus oppdaget. Disse virusene har flere gener enn vanlige virus og er på størrelse med bakterier. De kalles derfor gigantvirus.



Professor Lynn Margulis har lansert teorien om at mitokondriene i cellene våre stammer fra bakterier som ble spist av en større celle.

Foto: Casper Linnestad.



Lederen i Den norske UNESCO-kommisjonen, Astrid Nøklebye Heiberg, presenterte UNESCOs Verdenserklæring om bioetikk og menneskerettigheter, som nylig er oversatt til norsk. De fleste land har ikke lover som regulerer bruk av bioteknologi. Derfor trenger de retningslinjer og beskyttelse, noe denne deklarasjonen skal bidra til. Foto: Ola Myklebost.

rier lever tett utenpå andre encellede organismer. Når man ser bilder av et slikt tett samliv, forstår man at det ikke er umulig at symbiose mellom organismer kan resultere i syngiogenese.

#### Aktuell lesning:

- Berg P, Baltimore D, Brenner S, Roblin RO, Singer MF. Summary statement of the Asilomar conference on recombinant DNA molecules. *Proc Natl Acad Sci U S A.* 1975;72(6):1981-4.
- Cello J, Paul AV, Wimmer E., Chemical synthesis of poliovirus cDNA: generation of infectious virus in the absence of natural template. *Science.* 2002;297(5583):1016-8.
- La Scola B, Audic S, Robert C, Jungang L, de Lamballerie X, Drancourt M, Birtles R, Claverie JM, Raoult D. A giant virus in amoebae. *Science.* 2003; 299(5615):2033.
- Margulis L, Chapman M, Guerrero R, Hall J. The last eukaryotic common ancestor (LECA): acquisition of cytoskeletal motility from aerotolerant spirochetes in the Proterozoic Eon. *Proc Natl Acad Sci U S A.* 2006;103(35):13080-5.

## Forskningsdagane 2006

# Mange ville genteste seg på Forskingstorget

Norunn K. Torheim

Kva gjer folk når dei får tilbod om å genteste seg for all mogleg framtidig risiko for sjukdom? Jo, dei fleste testar både seg sjølv og barna sine.

I alle fall gjorde dei det på Bioteknologinemnda sin stand på Forskingstorget 22. og 23. september på Universitetsplassen i Oslo. Her kunne ein ved å ta ein vattpinne i munnen få tak i sine eigne celler. Når ein putta vattpinnen i eit røyr og tilsette ulike typar væsker, fekk ein arvestoffet sitt, DNA-et, ut av cellene. Løysinga med DNA kunne ein så drype på ei høgteknologisk DNA-brikke for å teste alle gena sine.

Dette var sjølvsgagt berre juks og fanteri. Bioteknologinemnda ville formidle at slik testing ikkje er lovleg. Etter norsk lov er det nemleg forbode å teste friske folk på gata på denne måten. Det er dessutan ikkje lov å teste barn under 16 år i det heile.

Skal ein frisk person genteste seg, skal vedkomande til lege og visast vidare til medisinsk-genetiske avdelingar ved sjukehus som er godkjende for denne typen verksemd. Der skal ein ha genetisk rettleiing før, under og etter at testen er teken. Ein av grunnane til at det er slik, er at det å få kjennskap til sjukdomsrisiko kan føre til unødvendig uroing og redusert livskvalitet.

I dag er det heller ikkje slik at ein kan teste seg for alt mogleg på ein gong. Det gjenstår enno mykje forskning for å finne ut kva genvariantar som påverkar risikoen for å få mange av dei vanlege folkesjukdommane som kreft og hjerte- og karsjukdommar. Dessutan fortel ikkje ein analyse av gena alt om sjukdomsrisiko. Miljøfaktorar har og mykje å seie for utvikling av ein del sjukdommar.

Vil du vite meir om gentesting kan du lese Bioteknologinemnda sitt temaark om gentesting. Der kan du

lese om kva ein gentest er, korleis ein kan utføre ein gentest og kvifor det er etiske problemstillingar knytt til testing av friske personar. Sjå og i GENjalt 2/2006 der vi hadde fleire artiklar om gentesting.

Både temaarket og GENjalt kan lastast ned frå nettsidene våre [www.bion.no](http://www.bion.no). Temaarka kan og bestillast som klassesett. Det er gratis.



Virtuell DNA-analyse for å finne morderen var interessant både for små og store. Animasjonane var laga av Naturfagsenteret. Foto: Kate A. Furøy, Nysgjerrigper.



Ved hjelp av ein vattpinne kan ein ta ut celler frå munnhola. Foto: Ola Myklebost.

# Kva arvar vi egentleg frå foreldra våre?

Arvestoffet vårt består av DNA. Dette har vi visst lenge. Men nyare forskning viser at vi truleg arvar meir enn DNA frå foreldra våre. Og RNA-molekyl ser ut til å kunne gå i arv.

Norunn K. Torheim

Vi har to kopiar av kvart gen. Den eine kopien arvar vi frå mor og den andre frå far. Den fyrste som kom fram til at vi arvar eigenskapar i enkelte, konstante arvefaktorar, og at vi har to kopiar av kvar arvefaktor (det vi i dag kallar gen) var den austerriske munken Gregor Mendel, som studerte erteplantar. Han formulerte arvelovene i 1865. Seinare vart det vist at det vi arvar er DNA-molekyl og at DNA-molekyla inneheld gen. Gen kodar for protein, som utfører mange ulike oppgåver i cellene våre (sjå og eigen artikkel "Kva er eit gen?" side 18).

## Genvariantar

Dei to kopiane vi har av eit gen blir kalla allel eller genvariantar. Vi kan ha to like allel eller to ulike allel av eit gen. Sidan vi har to kopiar av kvart gen, gjer det som regel ingenting om det eine allelet er defekt, altså at det ikkje produserer det proteinet det skal. Det er som oftast nok for oss at den eine fungerer.

Dei to allela fungerer vanlegvis uavhengig av kvarandre, det vil sei at dei ikkje påverkar proteinproduksjonen til kvarandre. Men det fins unntak. Eit slik unntak er at det er mogleg for eit allel å påverke komande generasjonar sjølv om allelet sjølv ikkje er overført og følgjeleg ikkje tilstades. Dette fenomenet blir

kalla paramutasjon. Ei ny studie av mus tyder på at det er RNA-molekyl som gjer at dette skjer.

## Vi arvar og RNA

Både plante- og dyrestudier har vist at og RNA-molekyl (sjå tekstboks) kan overføre informasjon frå generasjon til generasjon og at desse RNA-molekyla påverkar regulering av genaktivitet.

Paramutasjonar vart fyrst observert i plantar, nærare bestemt i mais, for femti år sidan. Seinare har ein og sett det i pattedyr. Hos menneske trur ein det kan påverke utvikling av diabetes. Ein ny studie som er gjort på mus, har gitt verdifull informasjon om korleis paramutasjonar skjer. I denne studien har dei sett på *Kit*-genet. Dette genet kodar for eit protein som har ei viktig rolle i fleire prosessar i cellene, blant anna i produksjon av pigmentet melanin. Dermed påverkar dette genet fargen på musene.

Det fins to ulike allel av *Kit*-genet. Det eine av desse lagar ikkje noko funksjonelt protein. Mus som har to funksjonelle allel, villtype mus, har einsfarga hale, mens mus som har to ulike allel, mutante mus, har kvite prikkar på haletuppen. Dei lagar og mindre mengder RNA som kan bli til protein.

Når ein parar mutante mus med

villtype mus, vil etter Mendel sine lover halvparten av avkomma vere villtype mus med to kopiar av det funksjonelle allelet. Følgjeleg skulle dei og hatt einsfarga hale. Det merkelege her er at dei fleste musene har kvit hale haletupp og ser ut som mutantar (sjå figur). Når ei ser på gena deira ser ein likevel at dei har same genvariantar som villtype mus. Ein ser og at dei har mindre mengder RNA som fungerer som proteinoppskrift. Altså har dei same allel som villtype mus, men same utsjånad og like mykje RNA som mutante mus.

Når ein studerer desse musene nærmare, ser ein at dei og har ein del RNA-molekyl med unormal størrelse. Dette RNA-et er kortare enn RNA-et som trengs for å lage protein. Dette finn ein og igjen i sædcellene til mutante mus. RNA-molekyla kan altså ha kome frå sædcellene og eggcellene. Det vil seie at dei har gått i arv.

For å sjekke om det var mogleg at desse RNA-molekyla med unormal lengde hadde vore der heilt sidan befruktinga, sprøyta forskarane forkorta *Kit*-RNA-molekyl inn i befrukta egg til villtype mus. Resultatet vart kvitflekkale hale både hos avkommet og deira avkom igjen.

## RNA-interferens?

Korleis kan så arva RNA føre til at det blir danna mindre RNA som kan gi protein? Kan det vere at RNA-molekyla med unormal størrelse fører til at RNA-molekyla som skal gi protein blir brotne ned? Dette fenomenet, som blir kalla RNA-interferens, er kjent frå andre studiar (sjå artikkelen om nobelprisen i medisin side 22).

For å teste denne hypotesen sprøyta dei korte RNA-molekyl, såkalla mikro-RNA (sjå tekstboks om RNA side 17), inn i dei befrukta egg. Ein veit nemleg at mikro-RNA set i gang nedbryting av RNA-et som kodar for protein. Resultatet vart som ein hadde håpa: mus med kvitflekkale hale.

Ein treng fleire forsøk for å finne ut kva som er den eksakte mekanismen bak paramutasjon. Paramuta-



sjon er eit epigenetisk fenomen, det vil seie at noko går i arv utan å endre baserekkefølga i DNA-molekylet (sjå tekstboks om DNA, genetik og epigenetik side 20). Andre eksempel på dette er kjemisk modifisering av DNA-et eller proteina DNA-et er kveila rundt (sjå artikkelen "Kvifor er ein egga tvillingar forskjellige?" side 19). Forskarane vil ikkje sjå bort i frå at slik modifisering kan ha noko å seie her, sjølv om dei ikkje fann slike forskjellar i denne studien.

Ein ting er i alle fall sikkert; RNA-molekyla har heilt sikkert fleire overraskingar å by på.



Når ein parar villtype mus og mutante mus vil ein i teorien forvente at halvparten av avkomma er villtype mus. I dette tilfellet hadde halvparten av musene villtype gen, men dei fleste av dei hadde likevel utsjånaden til mutante mus.

#### Kjelder:

- *Rassoulzadegan, M. et al., RNA-mediated non-mendelian inheritance of an epigenetic change in the mouse. Nature 2006, 441(7092), 398-401.*
- *Soloway, PD. Genetics: paramutable possibilities. Nature 2006, 441(7092), 413-4.*


## Kva er eit RNA-molekyl?

Vi har mange ulike RNA-molekyl i cellene våre. RNA er forkorting for ribonukleinsyre – på engelsk "ribonucleic acid". RNA er bygd opp av fire ulike basar: A, C, G og U. RNA førekjem vanlegvis som enkelttråda molekyl (ssRNA, frå "single-stranded RNA"), men opptrer og som dobbeltråda molekyl (dsRNA, frå "double-stranded RNA"). Ulike typar RNA er:

- **tRNA** frå engelsk "transfer RNA" – overførings-RNA er små RNA-molekyl som leverer riktige aminosyrer til ribosoma som produserer protein.
- **siRNA** frå engelsk "small interfering RNA" eller "silencing RNA" – små interfererende RNA eller "av-brytar"-RNA og **miRNA** – mikro-RNA små RNA-molekyl som er involverte i regulering av genaktivitet. Mens miRNA er enkelttråda molekyl, er siRNA dobbeltråda molekyl som kan føre til nedbryting av mRNA-molekyl med tilsvarende sekvens og på den måten slå av gen fordi det då ikkje blir laga protein frå genet. Dette skjer ved ein prosess som blir kalla RNA-interferens, RNAi (sjå artikkelen om nobelprisen i medisn s. 22).
- **mRNA** frå engelsk "messenger RNA" – bodbringer-RNA fraktar genetisk informasjon ut frå cellekjernen der DNA-et er, til cella sitt cytoplasma der proteina blir produserte. Koden i RNA-et avspeglar den genetiske koden i DNA-et. Omsetjing frå DNA til RNA blir kalla transkribering. Eit anna namn på eit RNA-molekyl er derfor *transkript*.
- **rRNA** – ribosomalt RNA er viktige komponentar i ribosoma, proteinkompleksa som er cellene sine proteinproduksjonsmaskineri.

Arvestoffet til ein del virus er RNA, enten som enkelttråda eller som dobbeltråda.

Sjå og figur av DNA s. 18.



# Kva er eit gen?

Etter som kunnskapen om det humane genom aukar, stiller no fleire og fleire spørsmål ved kva eit gen egentleg er.

Norunn K. Torheim

Dei fleste har lært at eit gen er eit avgrensa stykke av DNA-et som kodar for eit protein, eller delar av eit protein, og at eit gen har bestemte start- og stoppstadar. Eukaryote organismar, slik som menneska, kan lage fleire protein frå same gen. Dette kan skje fordi gena våre er bygde opp av såkalla ekson og intron. Eksona inneheld instruksjonar for å lage protein, mens introna som ligg mellom eksona ikkje kodar for protein. Når cella lagar RNA-molekyl, lagar den fyrst eit langt RNA-molekyl som inneheld både ekson og intron. Deretter kuttar den ut dei delane av RNA-molekylet som ikkje kodar for protein, altså introna. I denne prosessen kan cella setje saman eksona på ulike måtar slik at ein får RNA-molekyl som lagar ulike protein.

No som ein har analysert genomet nærare, viser det seg at det ikkje er fullt så enkelt.

## Transkript i staden for gen?

Fleire byrjar no å sjå på genomet som eit kontinuerlig *transkript* (sjå tekstboks om RNA side 17) der ekson frå ulike "gen" kan kombinerast for å danne RNA, altså transkript. Eksona kan til og med kome frå ulike kromosom. Kanskje er det altså ikkje slik at eit gen har ei definert byrjing og ein definert slutt. Dette er med på forklare kvifor vi kan klare oss med relativt få gen i forhold til andre organismar.

Ein studie av kva RNA som blir laga frå ti humane kromosom, viser at det blir danna mange ulike RNA frå same DNA, frå begge DNA-trådane og mange frå DNA-område som ein meiner ikkje kodar for protein. Det er og mange overlappende transkript.

Det viser seg at mesteparten av RNA-et som blir danna i cellene ikkje kodar for protein. I mus blir 63 prosent av genomet oversett til RNA, men berre 1-2 prosent av genomet kodar for protein. Ein har og funne

mykje små RNA-molekyl og anna RNA med ukjent funksjon.

## Vi arvar meir enn DNA-sekvens

Stadig fleire studiar viser at det er meir enn DNA-sekvensen som blir overført frå generasjon til generasjon. Det er vist at nedarva RNA-molekyl påverkar fargen på halen hos mus (sjå artikkelen "Kva arvar vi egentleg frå foreldra våre?" side 16). Vi kan og arve modifisering av DNA og protein (sjå artikkelen "Kvifor er einegga tvillingar forskjellige?" side 19).

## Er definisjonen viktig?

Har det så nokre praktiske konsekvensar korleis vi definerer eit gen? Jo, når ein for eksempel leitar etter årsaker til sjukdom, kan det å jobbe etter forenkla modellar gjere at ein overser viktige funn. Det at ein ikkje har ein klar idé om kva eit gen er, kan og hindre samarbeid mellom forskarar. For bioinformatikarar som for eksempel leitar etter sjukdomsogen og samanliknar gen mellom ulike organismar, har det og betydning.

Ei gruppe på 25 forskarar i det såkalla Sequence Ontology Consortium som lagar definisjonar for å gjere det lettare å samanlikne gensekvensdatabasar, sat saman i to dagar og kom fram til følgjande definisjon av eit gen: Lokaliserbart område av genomsekvens som korresponderer til ei arveining som er kopla til regulatorisk region, transkribert region og/eller andre funksjonelle sekvensregionar.

Dette er kanskje ikkje ein definisjon som er klar for lærebøkene enno. Forvirringa kring kva eit gen er, gjer at det er fleire som byrjar å bruke ord som transkript eller ekson.

## Kjelde:

Pearson, H., *What is a gene?* Nature 2006, 441(7092):469-74.



Arvestoffet vårt DNA er bygd opp av to DNA-trådar som er tvinna rundt kvarandre og dannar ein DNA-heliks. Det er framleis meir å oppdage for komande forskarar for å forstå kva vi arvar og korleis genaktivitet blir regulert.

Foto: Corbis/Scanpix.

## Sentrale hendingar i genetikken si historie

- **1860-åra** Munken Gregor Mendel formulerer arvelovene sine etter å ha studert eigenskapane til erteplanten. Han konkluderer med at kvar eigenskap var styrt av distinkte einingar, det vi i dag kallar gen, og at vi har to kopiar av kvar av desse einingane. Vi arvar ein kopi frå mor og ein frå far. Gena blir fordelt til kjønncellene uavhengig av kvarandre.
- **1909** Ein dansk botanikar brukar ordet gen for fyrste gong.
- **1910** Studiar av bananfluger viser at gena sit på kromosoma.
- **1941** Ein kjem fram til at eit gen gir eit protein/enzym.
- **1944** Ein finn ut at gena er laga av DNA-molekyl.
- **1953** Den kjemiske strukturen til DNA-molekylet blir publisert. Samtidig oppstår teorien om at DNA går via RNA for å bli protein.
- **1977** Ein finn ut at gen er oppdelt i delar, det vil seie at eit gen kan lage fleire protein. Dette skjer ved ein prosess som blir kalla alternativ spleising. Alternativ spleising gjer at kodande sekvansar blitt sett saman ulike måtar. Dermed får ein lage ulike RNA-molekyl som lagar ulike protein.
- **1993** Fyrste mikro-RNA identifisert i ormen *Caenorhabditis elegans*.
- **2006** Ideen om at gen er eit langt kontinuum byrjar å ta form.

Sjå og Bioteknologinemnda si tidslinje på [www.bion.no](http://www.bion.no). Der finn du fleire viktige hendingar innan bio- og genteknologi.

# Kvifor er einegga tvillingar forskjellige?

Aldring, kreft, mentale lidingar og infertilitet er alle sjukdommar som kan skuldast endring i genaktivitet som ikkje er forårsaka av endring i baserekkefølga i arvestoffet, DNA. I tillegg til baserekkefølga har vi nemleg epigenetisk informasjon i arvestoffet vårt. No leitar forskarane og i denne informasjonen når dei skal finne årsaka til sjukdomsutvikling.

Norunn K. Torheim



Eindegga tvillingar har dei same genvariantane, men er likevel forskjellige. Foto: Corbis/Scanpix.

Vi veit at miljøfaktorar som sigarett-røyk og stråling kan skade DNA-et vårt og endre rekkefølga på basane i gena våre. Men miljøfaktorar som fysisk aktivitet og kosthald kan endre genaktiviteten i cellene våre utan å påverke baserekkefølga i gena våre. Slik sett kan både dei miljøfaktorane vi sjølve blir utsette for, og dei miljøfaktorane foreldra våre har vore utsette for, påverke genaktiviteten vår.

### Studie av dyr og menneske

Ved å endre dietten til gravide mus har forskarar klart å endre farge på pelsen til musungane og forandre kor-

leis dei reagerer på stress.

Hos menneske veit ein at einegga tvillingar kan vere i ulik fysisk forfatning og få forskjellige sjukdommar sjølv om dei har dei same genvariantane.

Så kva er det som skjer i dei gravide musene? Og kvifor er einegga tvillingar forskjellige? Forklaringa er at miljøfaktorar samspekar med gena våre. Miljøfaktorar påverkar oss gjennom heile livet heilt frå vi er i mor sin mage. Korleis dette skjer veit ein ikkje heilt, men svaret ser ut til å liggje i epigenetikken: korleis andre instruksjonar i DNA-molekylet enn baserekke-



følgja påverkar genaktivitet.

### Modifisering av DNA og protein

Miljøfaktorar kan slå av og på gen ved å påverke korleis DNA-et eller proteina som DNA-molekyla er pakka rundt, er modifiserte. DNA-et kan modifiserast ved at det får festa på seg såkalla metylgrupper. På same måte blir proteina som DNA-et er kveila rundt, histona, modifiserte av andre kjemiske molekyll (sjå tekstboks). Modifiseringa av histona påverkar kor laust eller tett DNA-molekyla er pakka rundt histona, og det påverkar korleis protein kjenner igjen DNA-molekylet og slår av og på gen. Såleis kan modifiseringa av DNA-et eller histona regulere om gen er på eller av, det vil seie om det blir danna protein frå det eller ikkje. Dette er altså instruksjonar i arvestoffet som kjem i tillegg til baserekkefølgja. Vi kallar det epigenetisk informasjon.

No som ein veit at modifisering av arvestoffet har betydning for genaktiviteten, kan ein få betre forståing av sjukdomsutvikling og kan dermed tenkje riktigare når ein skal utvikle medisinar. Blant anna innan kreftbehandling prøver ein å ta i bruk medisinar som skal hindre at DNA-et blir metylert.

### Tvillingstudiar

Ein spansk studie frå 2005 viser at epigenetiske forskjellar aukar med alderen. Dei spanske forskarane undersøkte 80 par einegga tvillingar i alderen tre til 74 år. Studien viser at mens det er liten epigenetisk forskjell mellom unge einegga tvillingar, kan det vere stor forskjell i modifisering av DNA og histon mellom eldre einegga tvillingar. Det var tre gongar fleire gen som hadde ulik aktivitet hos 50-åringar enn hos treåringar. Tvillingar som har vakse opp i frå kvarandre, eller har ulik livsstil, har større forskjell enn dei som har delt miljøfaktorar. Det viser at det ikkje berre er DNA-sekvens som er viktig; miljøpåverknader er og viktige for korleis vi blir. Det kan forklare kvifor einegga tvillingar har ulike risiko for sjukdom. No studerer dei same forskarane einegga tvillingar der berre den eine har type 1 diabetes. Slik håpar dei å finne ut kva for miljøfaktorar som aukar risikoen for å få diabetes og korleis dei gjer det.

### Internasjonalt prosjekt

Mens genomet, det vil seie baserekkefølgja i arvestoffet vår, er det same i alle cellene, er modifiseringa av DNA-

et og histona, den epigenetiske informasjonen, ulik i ulike vev og den endrar seg ved miljøpåverknader. Det modifiserte genomet kallar vi epigenomet. The International Human Epigenome Project (IHEP) er ein planlagd oppfølging til the Human Genome Project (HGP). HGP fann DNA-sekvensen til heile det humane genom. IHEP vil studere epigenomet til celler frå fleire vev samtidig for å kartlegge modifiseringa av genomet i ulike vev. Slik håpar ein å forstå korleis modifisering av genomet påverkar regulering av genaktivitet i ulike celler. Målet er å karakterisere celler i alle vev, og embryonale stamceller. Det er mange utfordringar for prosjektet. Det er blant anna store mengder data som skal analyserast. Forskarane vil samanlikne funna i menneske med vanlege modellorganismar som gjær, bananfluge og mus.

### Kjelder:

- Qiu J. *Epigenetics: unfinished symphony*. *Nature*, 2006, 441 (11), 143-145.
- Fraga, M.F. et al., *Epigenetic differences arise during the lifetime of monozygotic twins*. *PNAS*, 2005, 102 (30) 10604-10609.

## DNA, genetikk og epigenetikk

DNA-molekyla inneheld gena våre som er oppskriftar på protein.

DNA-molekyla er lange trådforma molekyll som er bygde opp av fire ulike basar: A, C, G og T.

Rekkefølgja på basane bestemmer kva protein som blir laga frå eit gen.

Endringar i baserekkefølgja kan føre til endra proteinfunksjon og det kan i verste fall gi sjukdom. Når vi arvar DNA frå foreldra våre, arvar vi instruksjonar om korleis protein skal lagast og det er det som formar oss.

Ytre påverknader/miljøfaktorar som stråling eller kjemikalier kan endre baserekkefølgja, gi mutasjonar, i DNA-et og dermed gi sjukdom.

*Genetikk* handlar om korleis vi arvar DNA og korleis endringar i

baserekkefølgja i DNA-et påverkar genregulering.

*Genomet*, baserekkefølgja i arvestoffet vårt, er det same i alle celler og vev og er det same gjennom heile livet med mindre vi pådreg oss mutasjonar.

*Genaktivitet*: Når eit gen er aktivt blir det laga protein frå det. Ulike faktorar regulerer genaktiviteten, det vil seie om genet er på og lagar protein. Genaktivitet vil følgjeleg variere frå celletype til celletype.

*Epigenetikk* handlar om korleis andre faktorar enn baserekkefølgja i eit gen går i arv og korleis dette påverkar genregulering og den epigenetiske informasjonen. Dette kan for eksempel skje ved modifisering av DNA-et eller proteina, histona,

som DNA-molekyla er kveila rundt for å danne kromosom. (sjå artikkelen "Kvifor er einegga tvillingar forskjellige?" side 19).

DNA-et kan modifiserast ved at det får festa på seg metylgrupper (eitt karbonatom og tre hydrogenatom) der basen C kjem like før basen G.

Histona kan modifiserast ved at dei får endra fasong ved å få festa på seg ein "hale" som kan bestå på meir enn 20 kjemiske grupper. Det kan for eksempel vere metyl-, acetyl eller fosfatgrupper.

Miljøfaktorar kan og regulere genuttrykk via RNA-molekyll. Desse RNA-molekylla kan gå i arv (sjå artikkelen "Kva arvar vi egentleg frå foreldra våre?" side 16).

*Epigenomet*, genomet som er modifisert både i DNA-et og histona, er ulikt i ulike celler og vev og endrar seg gjennom livet ved eksponering for miljøfaktorar.

# Argusøyne på GMO også etter utsetting?

Hvor nøye skal man følge med på de mulige skadevirkningene som en godkjent, genmodifisert organisme (GMO) kan forårsake? Dagens regelverk i EU krever at man foretar undersøkelser også etter at en genmodifisert plante er tatt i bruk som mat eller blir dyrket. Alle GMO-søknader skal inneholde en plan for hvorledes dette kan gjennomføres. Likevel er det fortsatt et uklart spørsmål i EU hvor omfattende overvåkingen skal være. Selv om EFSA (European Food Safety Authority) kom med retningslinjer for GMO-overvåking i år, er disse såpass lite konkrete at omfang og innhold fortsatt debatteres, og tautrekkingen mellom industri, forvaltning og forbrukerorganisasjoner fortsetter.

Casper Linnestad

I løpet av de siste årene har EU utarbeidet nye lover og regler for hvordan genmodifiserte organismer skal vurderes. Først da dette regelverket så smått begynte å falle på plass, opphevet EU i sitt moratorium som hadde satt midlertidig stopp i behandlingen av GMO-søknader mellom 1999 og 2003. EU har nå gjenopptatt vurderingene og godkjent flere genmodifiserte planter.

EFSA er den vitenskapelige, rådgivende institusjonen som EU støtter seg på når GMO-søknader behandles. EFSA vurderer både helse- og miljøaspekter og har bred vitenskapelig kompetanse. EFSA åpner også for å trekke veksler på eksperter utenfor EU. Nylig ble eksempelvis mikrobiologiprofessor Ingolf Nes ved Universitetet for miljø og biovitenskap på Ås medlem av EFSA's GMO-panel.

De viktigste regelverkene når søknader om godkjenning av genmodifiserte planter vurderes i EU, er direktiv 2001/18/EF om utsetting og markedsføring av GMO, og forordning 1829/2003 for godkjenning av genmodifisert mat og fôr (se mer om disse i GENiALT 1/2005). Begge slår fast at GMO-søknader skal inneholde en plan for hvordan man kan identifisere mulige uforutsette, negative effekter på helse eller miljø etter at en bestemt GMO er tatt i bruk.

## Spesifikk eller generell overvåking?

I GMO-regelverkene i Norge og EU er føre var-prinsippet nedfelt. Man kan imidlertid tenke seg at en GMO kan godkjennes til tross for at en mulig negativ effekt er regnet som sannsynlig. Ulempen må i så fall veies opp, og vel så det, av betydelige fordeler. Dersom det under vurderingen av en GMO konkluderes med at det er vitenskapelig grunnlag for at en negativ effekt kan tilskrives selve den modifiserte egenskapen, skal det legges opp til en spesifikk overvåkningsplan etter en eventuell markedsføring. Potensielle farer og usikkerheter som fremkom under risikovurderingen skal da testes gjennom hypotesebaserte eksperimenter og spesifikke undersøkelser.

Dersom det derimot vurderes at bruken av en GMO ikke medfører risiko, eller bare en minimal risiko for helse og miljø, og søker har lagt frem tilstrekkelig dokumentasjon for å underbygge dette, blir den aktuelle GMO bare gjenstand for såkalt generell overvåking etter markedsføring. Dette skal gjennomføres for om mulig å fange opp uventede, negative effekter.

Så langt er det ikke lagt opp til spesifikke overvåkningsplaner for noen av de GMO-er som er godkjent i EU. Alle er altså vurdert som trygge



EFSA (European Food Safety Authority) holder til i denne bygningen i Parma, Italia. EFSA gir EU uavhengige vitenskapelige råd i GMO-spørsmål. Foto: EFSA (gjengitt med tillatelse).

og underlegges kun såkalt "generell overvåking". Men hva ligger i dette begrepet?

## Hvordan finne det uventede?

EFSA har foreslått at den generelle overvåkingen er en prosess i tre stadier. Dersom man først observerer en uvanlig effekt eller hendelse, må man så vurdere om effekten har et skadepotensiale og til slutt se om

effekten kan knyttes til en aktuell GMO. EFSA antyder at generelle overvåkningsplaner vil variere alt etter hva slags GMO og hvilken bruk av dem det er snakk om.

Dersom man ikke vet hva man skal se etter i forbindelse med generell overvåkning, blir det en utfordring å fange opp uventede, negative effekter etter markedsføring. Det er uansett viktig å enes om hva som er referanserammen, altså hva som kan sies å være naturlige fluktusjoner for arter og variasjonen for ulike parametere knyttet til miljø og helse.

#### Hvem overvåker?

For å følge med på effektene av å ta i bruk genmodifiserte organismer er planen at man skal trekke veksler på nettverk som allerede finnes rundt omkring i Europa. Det kan dreie seg om programmer for måling av generell biodiversitet, dyre- og planteliv, endringer av landskapstype, jord- og vannkvalitet osv. I tillegg skal det foretas spørreundersøkelser blant bønder og forbrukere. Hvilke organisasjoner og institusjoner som kan være aktuelle bidragsytere i den generelle GMO-overvåkingen, vil variere fra land til land. Dette er foreløpig lite konkretisert fra EUs og EFSA side.

Mange snakker allerede om at ulike data fra ulike EU/EØS-lands generelle GMO-overvåking burde samles og analyseres i én og samme instans. Oppbyggingen av en slik enhet og utgiftene til å drive GMO-overvåking kan fort innebære betydelige kostnader, også for den som har søkt om godkjenning. Foreløpig er det ikke enighet om hvordan regningen skal deles.

#### Videre lesning:

*Se uttalelsen om GMO-monitorering etter markedsføring utarbeidet av GMO-panelet i EFSA (European Food Safety Organization) (<http://www.efsa.eu.int>): "Opinion of the Scientific Panel on Genetically Modified Organisms on the post market environmental monitoring (PMEM) of genetically modified plants" *The EFSA Journal* (2006) 319, 1-27.*

## Nobelprisen i medisin 2006

# Fann ut korleis gen blir slått av og på

Amerikanarane Andrew Z. Fire og Craig C. Mello er tildelt nobelprisen i medisin for sitt arbeid med RNA-interferens. Dette er ein grunnleggande mekanisme for å slå av og på gen. Den spelar og ei rolle i cellene sitt forsvar mot virus. Forhåpentlegvis vil dette vere kunnskap som kan brukast til å lage framtidige behandlingar for ei rekkje sjukdommar.

Norunn K. Torheim



Foto: Corbis/Scanpix.

Arvestoffet vårt, dobbeltråda DNA-molekyl i cellekjernen, inneheld informasjon om korleis cellene skal lage protein. Proteina styrer alle prosessane i cellene våre og gir oss ulike eigenskapar. Protein er for eksempel enzym som bryt ned mat, mottakarar av signal mellom celler i for eksempel hjernen og antistoff som beskyttar oss mot bakteriar.

Proteinproduksjonen føregår i cellene sitt cytoplasma. For å få den genetiske informasjonen ut av cellekjernen, lagar cella enkeltråda RNA-molekyl. Desse blir kalla mRNA etter engelsk messenger RNA – bodbringer-RNA (sjå figur s. 17). Dei blir transporterte frå cellekjernen til cytoplasmaet og brukte som proteinoppskrift av cellas proteinproduksjonsmaskineri. Av dei

rundt 25 000 gena vi har, er det til ei kvar tid berre ein del av dei som er i bruk i ulike celler, slik at vi får spesialiserte celler. Det er derfor viktig at cella har kontroll på kva gen som skal vere på, og kva gen som skal vere av. Ein måte å regulere genaktivitet på er ved modifisering av DNA eller protein som DNA-et er kveila rundt (sjå artikkel "Kvifor er einegga tvillingar forskjellige?" s. 19).

#### RNA-interferens

Då forskarar rundt 1990 skulle lage kraftigare farge på ein blomster ved å innføre gen som skulle auke mengda raude pigment, skjedde det noko merkeleg: fargen forsvann og blomsteren vart kvit.

Kva som hadde skjedd, forstod ein

fyrst då prisvinnarane i 1998 oppdaga at cellene kunne øydeleggje RNA-molekyl slik at det ikkje vart danna protein frå genet. Dei studerte regulering av genaktivitet i rundormen *Caenorhabditis elegans*. Fire og Mello fann ut at cellene har dobbeltråda RNA-molekyl som slår av gena. Dei dobbeltråda RNA-molekyla interfererer med andre enkeltråda RNA-molekyl, derav namnet RNA-interferens på denne prosessen.

Doppeltråda RNA-molekyl set i gang RNA-interferens ved å binde seg til spesielle protein som deler dei opp i mindre delar. Desse delane bind seg så til andre spesielle protein som bryt ned den eine tråden. Den andre tråden fangar RNA-molekyl med same base-sekvens, som så blir øydelagde av proteina. Dermed er RNA-molekylet borte, og det blir ikkje danna protein frå genet. På denne måten brukar altså cellene RNA-interferens for å påverke genaktiviteten.

I genomet vårt har vi og hundrevis av gen som kodar for små RNA-molekyl, såkalla mikro-RNA. Dei inneheld kodar for delar av andre protein. Mikro-RNA kan danne dobbeltråda RNA og dermed setje i gang RNA-interferens. Genregulering ved hjelp av mikro-RNA spelar ein viktig rolle i utvikling av organismar og regulering av cellefunksjon. Cellene brukar og RNA-interferens for å kvitte seg med virus som har dobbeltråda RNA-molekyl som arvestoff.

Innan grunnforskning er RNA-interferens allereie i bruk som eit verktøy for å studere genfunksjon. Ein ser og for seg at ein kan syntetisere små RNA, såkalla små interfererande RNA, for å slå av bestemte gen og at ein på den måten i framtida kan få nye terapiar for eksempel virusinfeksjonar eller kreft. Dette er ei form for genterapi som kanskje er lettare å få til enn andre former for genterapi.

#### Kjelder:

- [nobelprize.org](http://nobelprize.org).
- Fire A., Xu S.Q., Montgomery M.K., Kostas S.A., Driver S.E., Mello C.C. Potent and specific genetic interference by double-stranded RNA in *Caenorhabditis elegans*. *Nature* 1998; 391:806-811.

## Nobelprisen i kjemi 2006

# Som far, så sønn

Tore Wallem



Kornberg kapret forsiden av Science 8. juni, 2001. Foto: Casper Linnestad

Årets nobelpris i kjemi ble tildelt Roger D. Kornberg (f.1947) ved Stanford University i USA. Som tolvåring – for 47 år siden – var han i Stockholm for å se faren Arthur Kornberg (f.1918) bli overrakt nobelprisen i medisin.

Roger D. Kornberg får prisen for banebrytende arbeid med å forstå transkripsjon og regulering av gener i eukaryote celler.

For at vi skal nyttiggjøre oss den genetiske informasjonen i cellekjernene våre, må en kopi av genene lages og føres til andre deler av cellen. Denne kopien blir brukt som en oppskrift på proteiner. Det er denne prosessen som kalles transkripsjon (se figur s. 17).

Hovedtrekkene for hvorledes transkripsjonen foregår inne i cellekjernen har vært forstått en stund, men det skjuler seg spennende ting i detaljene. Det er her Roger D. Kornbergs arbeid kommer inn. Han var blant annet den første som laget et bilde av hvordan transkripsjon foregår i eukaryote celler (se forsiden på tidsskriftet Science fra 2001). Man kan følge hvordan kopien til DNA-et

– RNA-tråden – gradvis blir utviklet. Bildene er så detaljerte at man kan skille ut enkeltatomer.

Bildene genereres av en datamaskin på bakgrunn av den informasjonen man får ut ved å bombardere krystalliserte molekyler med røntgenstråler. Den svenske Vetenskapsakademien fremhever spesielt at Kornberg har lyktes i den vanskelige oppgaven å "fange" en kjemisk reaksjon som er i full gang. De biokjemiske metodene han har utviklet gjør det mulig å kontrollere prosessene og få dem til å stoppe slik at de kan avbildes.

#### Kilde:

[nobelprize.org](http://nobelprize.org)

TIPS  
GENzalt

[bion@bion.no](mailto:bion@bion.no)



Redaktør Casper Linnestad



8.-9. november 2006

## Lærarkurs i Narvik

I samarbeid med Nordland fylkeskommune inviterer Bioteknologinemnda, Naturfagsenteret og Skolelaboratoriet i biologi ved Universitetet i Oslo til lærarkurs i etikk, samfunn og bioteknologi. Kurset skal gi lærarar i vidaregåande skule innføring og oppdatering i aktuelle bioteknologiske og genteknologiske tema. Programinnhald:

- Bioteknologinemnda held foredrag som tek opp biologiske, etiske og samfunnsmessige sider ved bruk av bioteknologi og genteknologi innan mat og medisin.
- Naturfagsenteret viser korleis deira nettressursar naturfag.no og viten.no kan brukast i undervisninga.
- Skolelaboratoriet i biologi tek deltakarane med på laboratoriet der dei får praktisk erfaring med å gjennomføre ei fiktiv gentesting og diskutere etiske sider ved gentesting.
- Visning av filmen "GATTACA" med påfølgande diskusjon.

Kurset er gratis. Program og lenke til påmelding finn du på [www.bion.no](http://www.bion.no)

8. november 2006

Bioteknologinemnda inviterer til åpent møte om:

## Eggdonasjon

Helse- og omsorgsminister Sylvia Brustad har signalisert at departementet ønsker å se nærmere på en mulig liberalisering av bioteknologiloven slik at eggdonasjon kan gis ufrivillig barnløse kvinner. En slik behandling har konsekvenser for eggdonor, berørte familier og det fremtidige barnet. Bioteknologinemnda ønsker å få flest mulig synspunkter frem i møtet og en bred diskusjon rundt emnet.

Møtet vil være gratis og åpent for alle. Informasjon om program, tid og sted vil bli kunngjort på Bioteknologinemndas nettside.

4.-8. desember 2006

I samarbeid med Norges forskningsråd og UMB inviterer Bioteknologinemnda til doktorgradskurs:

## Biotech, globalisation and risk

Sted: Universitetet for miljø og biovitenskap (UMB), Ås

Foredragsholdere:

Professor Julian Kinderlerer og Senior Lecturer David Townend, begge fra University of Sheffield, UK, direktør Matthias Kaiser (NENT).

Kurset vil vektlegge nord/sør-problematikk og avholdes på engelsk.

Kurset tar opp følgende hovedspørsmål:

1. What is Globalisation?
2. What is Risk in Biotechnology?
3. What is the Precautionary Principle?
4. The Convention on Biodiversity and the TRIPS agreement: risk in global law
5. Should the advances of modern biotechnology be allowed?

Deltakere: Dr.gradsstudenter og interesserte i bioteknologi, etikk, landbruk, risiko og jus. Mer informasjon: [www.etikk.no](http://www.etikk.no) eller prof. Deborah Oughton: [deborah.oughton@umb.no](mailto:deborah.oughton@umb.no)



Bioteknologinemnda

Bioteknologinemnda  
Postboks 522 Sentrum  
0105 Oslo  
Telefon: 24 15 60 20  
Faks: 24 15 60 29  
E-post: [bion@bion.no](mailto:bion@bion.no)  
[www.bion.no](http://www.bion.no)